| 26-27.11.05 | Loen      | Fiskeseminar                    | Audun, Øyvind,<br>Geir, Svein Arne,<br>Reidun |
| 27.11.05    | Loen      | Styremøte                       |   |


**DESEMBER**


|           |          |                                 |                 |
|-----------|----------|---------------------------------|-----------------|
| 1-2.12.05 | Røros    | Forsking i friluft              | Reidun          |
| 2-4.12.05 | Stjørdal | Kvinnekontaktsamling            | Kristin, Reidun |
| 2-4.12.05 | Stjørdal | Jegerprøvesamling               | Bjarne          |
| 13.12.05  | Førde    | Møte i Vestnorsk Villmarksmesse | Øyvind, Reidun, |
| Nov       | Sande    | Møte Gaular grunneig.lag Gaular | Svein Arne      |

# Medlemsutvikling 1996-2005



Årsmelding NJFF -Sogn og Fjordane 2005





## ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR FISK

Underteikna har hatt helseplagar som har redusert virksomheitsnivået. Frå midt i året har eg omorganisert arbeidet mitt til 50 % lærar og 50% miljøvernleiar i kommunen som følgje av dette, og mykje tid har måtta disponerast til omorganiseringar i arbeidssituasjonen.

Ved starten av året var vi midt i sluttføringa av arbeidet med å få Nausta med som nasjonalt laksevassdrag, og vi fekk Norsk institutt for naturforsking NINA til å gi ei vurdering av Sweco Grøner sin rapport for Fleirbruksutvalet i Nausta. Vi fekk økonomisk støtte frå forbundet sentralt til å dekke dette oppdraget, som vart "ein slakt" av denne rapporten, og som førte med seg diverse medieaktivitet om temaet. Vi trur NINA- rapporten var ein medverkande årsak til at resultatet vart at elva vart nasjonalt laksevassdrag- og vi takker alle medkombattantar for bidraget til at så skjedde.

Dermed er elva underlagt eit regime som medfører omfattande konsekvensutredningar i forhold til verknader for laksen ved ev. føreslegne tiltak i- og langs elvestrengen.(Eit bruksvern)

Det har vore arbeidd med ei rad små/minikraftsaker, utan at det har vorte sendt høyringsfråsegner om alle prosjekta. Saman med organisasjonane i FNF sendte vi frå fellessamlinga på Skei den 11-12.11.05 ut ei pressemelding, der vi krev samla plan for utbygging av småkraftverk. Spesielt linjenettets noverande underkapasitet vil krevje mykje ny linjebygging, som krev samordning av planar – både etter PBL's arealbruksdel, interkommunalt samarbeid , men og regionsvis. For vår del prøver vi å avgrense arbeidet med høyringsfråsegnene til å gjelde forhold ved utbyggingsprosjekta kring fiskeproduksjon, men og viltproblematikk.

Det er og arbeidd med Lakselova, forvaltningsplan for tang og tare, samt plan for kjemisk behandling av Lærdalselva. Likeeins er det arbeidd- (framleis under arbeid) med ei høyringsfråsegn for implementering av EU's vassdirektiv i norsk lovverk- eit svært komplisert materie.

Det vart lagt ned mykje førebuande arbeid for fiskekonferansen på hotell Loenfjord, eit særsvellukka arrangement i samarbeid med skogeigarlaget og fylkesmannen, som vi har fått mange positive tilbakemeldingar frå, kanskje spesielt frå grunneigar og kommunale forvaltarar. Takk til fiskeforvaltaren hos fylkesmannen for fiskefondsmidlar til samlinga og godt samarbeid under planlegginga.

Det har vore brukt mykje tid på tilhøvet mellom Oppl.vesentets fond/ bortleige av prestegardsrettane og våre lokallag. Spesielt kontroversielt har dette vore i Førde og Gaular. Det har og vore div. møter med Førde JFL og NJFF om eit eventuelt samarbeidet med Fabelaktiv. Vi vil fremje ei sak for årsmøtet i NJFF sentralt hausten 2006 om tilhøvet til Oppl. vesenets fond, og våre leigeforhold.

Underteikna har delteke ved Kystleir på Kalvåg og ungdomsleiren på Nesholmen, som vi for øvrig fulgte opp med ei flott evalueringssamling på hytta til Dag Einar Gule i Gjengedalsmarka. Takk til alle medverkande ved nok ein vellukka ungdomsleir på Nesholmen. Hjarteleg takk for ei flott og verdfull miljøsamling, Dag Einar.

Fagleiar har representert fylkeslaget ved årsmøtet i Naustdal JF, kultiveringsmøte med fylkesmannen, møte om org. av villaksfondet med NINA i Trondheim, på synfaring i Lærdalselva/ gyro-møte, kultiveringsmøte i Naustdal.

Fagleiar har og delteke på villakskonferanse i Surnadal, på årsmøte i KAF- (kultiveringsanleggenes foreining) og representantskapsmøte i norsk villakssenter i Lærdal.

Fagleiar har og møtt som (vara) fylkeslagsrepresentant ved leiarsamlingar i NJFF i Kristiansand og på Gardermoen.

Av vasskraftprosjekt det har vore arbeidd med, kan nemnast; Heimseta(Hyen) Stølslia (Holsen), Hovland kraftverk (Eikefjord), Feios elvi (Vik), Hjelle og Byrkjelo (Gloppen) Gjesdal H og Sandal kraftverk i Jølster. 5 Småkraftverk i Fjærlandsfjorden. H Eiriksdal/ Lånefjord kraftverk (Høyanger) Østerbø-vassdraget (Høyanger) Dei to siste er under arbeid, og vil bli sendt Høringsfråsegn for.

Det har ikkje vore like lett å få engasjert lokallaga i høve desse prosjekta- kan hende det blir for nært, men underteikna ynskjer gjerne å høre frå dykk, etter kvart som det dukkar opp prosjekt i dykkar nærmiljø- og *det gjer det jo dei fleste stader i desse dagar*. Spesielt interessant er det å få dykk med på synfaringar- om de synest det er viktig å fremje synspunkt på prosjekta. Det kan opplysst at FNF stiller reisemidlar til dekning av slike synfaringsoppdrag, slik at det skal ikkje medføre utgifter for lokallaga – slik at eg imøteser meir kontakt frå dykk om temaet. Eg har minimal viltkompetanse- og det kan vere greitt å få teke med lokale synspunkt på verknader for trekkruter, fallvilt med meir i same høringsfråsegna.

Det har vore diverse medieaktivitet på lokalradioen, tekst-TV og i lokalpressa rundt om. Det har vore gjort freistnad på å halde ein nøktern og faktabasert fagleg line i dette arbeidet.

Takker for samarbeidet i året som gjekk, og vonar på stor aktivitet og engasjement frå lokallaga i 2006. Spesielt takk til Reidun, for framifrå godt arbeid og god støtte frå kontoret.

Med helsing  
Svein Arne Forfod  
- Fagleiar Fisk –

## ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR VILT

Som ny i styret har det vært mye nytt å sette seg inn i, men har etter hvert begynt å få oversikt over ting.

Startet så vidt med ett småvilttakseringsprogram, som vi forhåpentligvis kan fortsette med i 2006. Dette er ett svært viktig verktøy når blant annet dagskvoter for ryper skal fastsettes.

Har og en føler ute om det finnes noen som kunne hatt kurs/temakveld om revejakt for lokallagene.

Er det noen som kunne tenke seg det , så ta kontakt.

Ellers er opplæringsjakt for ungdom, både småvilt og storviltjakt noe vi arbeider med, og håper å få til ett tilbud etter hvert.

Med helsing

Geir Haukaas

- Fagleiar vilt -

## ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR HUND

Har jobba mykje med å få til avtale om leige av terreng på Gaularfjellet til trening, prøver og jakt. Dette såg lenge ut til å gå i orden, men stranda til slutt på ein grunneigar.

Prøve for ståande fuglehundar, ei helg i mars var det einaste vi fekk løyve til.

Vi hadde avtale med Vestlandets Fuglehundklubb om at dei skulle arrangere prøva. Fekk i dag terminlista for vinterprøver, og ser der at VFK skal arrangere prøva på Voss !

VFK si forklaring på dette kan eg kanskje godta, men vi er ikkje tente med dette og bør vurdere andre alternativ. Eige prøveutval, eller starte oppatt Sogn og Fjordane Fuglehundklubb ?

Det er gode sjansar for å få til avtale på Gaularfjellet seinare.

Jobbar med 2-3 alternative terrenget der vi også kan drive med opplæringsjakt på hjort o.a.

Årsplan 2006

- Treningssamling for ståande fuglehundar på Gaularfjellet 4-5. mars.
- Jobbe vidare med aktuelle terrenget til jakt, prøver og trening.
- Kontaktar aktuelle raseklubar o.a. med tanke på at vi i 2007 skal arrangere apport / kombinertprøve i Sogn og Fjordane.
- Arrangere trening på duer vår / sommar 2006.
- Vestnorsk Villmarksmesse 28-30. april :
  - Instruksjon og trening i apport og utstillingsteknikk.
  - Uformell apportkonkurranse med premiering til dei 3 beste hundane i UK og AK. --
  - Konkurranse blir arrangert slik at dei som ynskjer det kan ta apportbevis.

Med helsing

Henning Skjalg Fureli

- Fagleiar Hund -

## ÅRSMELDING FRÅ UNGDOMSANSVARLEG

Underteikna hadde eigentleg tenkt seg eit lett tilbaketilbakelevert verv som 2.vara, men enda opp med å vere ”stand in” som ungdomsansvarleg. Det har vore eit svært kjekt år med mange flotte opplevelingar. Når det gjeld aktivitetsnivået så har eg stort sett konsentrert meg om å delta i dei arrangement som var bestemt før eg kom på bana.

Det er svært gledeleg å sjå alle dei ulike aktivitetane som har vore rundt om i lokallaga dette året. Aktivitetskalenderen viser eit godt spekter av ulike aktivitetar med eit hovudfokus på fiske. 2005 har vore Friluftslivets år og kanskje har dette vore ein ekstra inspirasjon til å arrangere kurs, familiedagar og konkurransar.

For fjerde året på rad vart det arrangert fylkesleir for aldersgruppa 12-15 år på Nesholmen. Dette er eit opplegg som fungerer svært bra. Påmeldinga er upåklageleg og instruktørar stiller på dugnad! All takk til dei! Tilbakemeldinga frå ungdomane er at opplegget er ”passe fast” i forma. Det er dermed god balanse mellom tid til planlagde aktivitetar og fritid der dei kan gjere meir som dei vil. Vi ser at fleire unge har kome attende fleire år, og vi ser også at dei som er over 15 år kjem attende som medhjelparar/instruktørar. Dette er ein flott ressurs å ha med seg i åra framover.

Forbundet Kysten hadde landsstemne 2005 i Kalvåg. Dei ynskte eit aktivitetstilbod for barn og unge under stemnet og sende ein førespurnad til FNF i Sogn og Fjordane. Resultatet vart ein aktivitetsleir der barn og unge kunne få prøve å spikke, tove, lage mat på bål, fange krabber, støype slukar og prøve å padle i kajakk. Tilbakemeldingane frå barn, foreldre og Forbundet Kysten var gode og fleire slike samarbeid vil vere god reklame for alle friluftsorganisasjonane samtidig som det er svært kjekt og nyttig å utvide kontaktnettet..

Frå nokre lokallag har vi fått spørsmål om meir samarbeid i ungdomsarbeidet. Enkelte lag har problem med å få opp aktivitet på barn og ungdomssida. Vi inviterte difor alle lokallag som var interessert til eit møte i Førde. Fire lokallag stilte på og det vart diskutert fleire måtar ein kan hjelpe og inspirere kvarandre på. Som eit første resultat av dette møtet vart det organisert ein dag med opplæringsjakt på hjort. Førde JFL stilte til disposisjon eit terreng i Viksdalen og 3 ungdomar fekk prøve seg i bratte vestlandslier. Det vart ikkje noko resultat denne dagen, men dette kan vere eit forsøk som ein kan spinne vidare på.

I 2006 vert det mykje jobbing med ein stor villmarksleir for barn og unge under Villmarksmessa i Førde. Dernest håper vi å få til ny fylkesleir på Nesholmen og ein leir for litt eldre ungdom. Dessutan vil ulike samarbeidsprosjekt mellom lokallaga verte eit prioritert arbeidsfelt.

Med helsing  
Torunn Rygg  
- Ungdomsansvarleg -

## ÅRSMELDING FRÅ KVINNEKONTAKTEN

Talet på kvinnelege medlemmar er generelt lavt i Sogn og Fjordane, men vi ser ei gledeleg auke på statistikken i år. Vi har ved utgangen av 2005 hadde vi 180 medlemmer, mot 158 året før, altså 22 nye jenter! Vi klatrar på statistikken når det gjeld andel kvinner i medlemsmassen, Vest Agder ligg no bak oss.

2. – 4. desember 2005 deltok underteikna og fylkessekretæren på kvinnekontaktsamling i Stjørdal. Her vart rapporten frå ad-hoc jenteutvalget sentralt lagt fram og det vart diskutert korleis vi skal klare å rekruttere fleire jenter til aktivitet, som medlemmer og som tillitsvalte. Ein del av tiltaka vert å få jentene meir integrert i fylkeslaget, ved å gi kvinnekontakten fast plass i styret og møteplikt. I dag har kvinnekontakten møte og talerett, men ikkje stemmerett. Kvinnekontakten har ikkje delteke på møte i fylkeslaget i 2005, med unntak av årsmøtet.

Kvinnekontakten er ei viktig brikke i å tilrettelegge for aktivitet. Vi er eit lite fylke, og det er mogleg at vi er for få jenter til å få til eit miljø lokalt, vi har difor konsentrert oss om å lage det miljøet på fylke. Vi ønskjer å få fleire kontaktar i lokallaga med særleg ansvar for rekruttering og tilrettelegging av aktivitet for jenter. Desse ønskjer vi å gi ei årleg samling der vi planlegger og evaluerer aktiviteten i fylket. Dei lokale kontaktane blir og eit viktig ledd i rekruttering av nye medlemmer og gi tilbod til dei som tar jegerprøven. Dette gjeld begge kjønn.

Vi gjennomførte i 2005 laksefiske i Flekke og småviltjakt i Aurland. Det var tre damer som var på gjestavisitt på elgjakt. I tillegg har kvinnekontakten delteke på årsmøtet og på Kyststemnet i Kalvåg.

I år hadde vi ikkje eigen sponsor, med unntak av småviltjakta der vi hadde med oss jaktammunisjon sponsa av Våpenloftet. Vi testa både Tungsten og Vismut. Ingen av damene sakna bly, då det vart 100 % treff på rypene same kva ammunisjon vi brukte (Ei rype kvar).

Bjarne Huseklepp lærte oss å lese elva i Flekke, samt at deltakarane fekk innføring i fiske med tohands flogestang. Deltakarane fekk og smake laksen, noko vi kan takke Bjarne for, han donerte nattas fangst til jentene.

Vi hadde ein flott tur i Aurlandsfjella der Aurland Jakt og fiskelag stilte med to lokalkjende guidar til jakta laurdag og søndag, samt med hagleinstruktør fredagen til trening på leirdueskyting.

Vi hadde med oss Anne Mette Hjelle på småviltjakta, i tillegg til å skyte si første rype laga ho reportasje om turen som vart sendt i NRK lokalradioen veka etter jakta. Det vart så bra at same reportasjen gjekk i Friluftsmagasinet første laurdagen i november.

Det som er bra med deltakinga på desse turane er at vi alltid får nye til, og i tillegg og har ein fast kjerne som deltar. I år starta vi med overbooking, 12 deltakarar på småviltjakta, og enda opp med 5, dette er på grensa til avlysning. Men dette er ikkje ulikt problemet elles i landet. I år måtte deltakarane betale 14 dagar på førehand. Spørsmålet er om vi ikkje må ta depositum ved påmelding.

På arbeidsprogrammet for 2006 står det laksefikse m.m., småviltjakt og kanskje ei eller anna form for storviltjakt. Vi prøver og å få til ei samling av kontaktpersonar i lokallaga.

Informasjon om programmet vert lagt ut på nettsidene og det blir sendt ut som pressemelding. I tillegg vil vi sende brev til alle som tidlegare har deltatt med tilbod om innmelding og alle kvinnelege medlemmer i Sogn og Fjordane.

Med helsing  
Kristin Halvorsen  
- kvinnekontakt-

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR ETTERSØKSHUND

Fylkeslaget har ikkje hatt fylkesinstruktør ettersøkshund i 2005.  
Lidvin Hage frå Utvik tiltar i rolla som fylkesinstruktør ettersøk frå 01.01.2006 :

Som ny fylkesinstruktør ettersøk må fyrste året nyttast til:

- kartlegging av status for ettersøksarbeidet i dei ulike deler av fylket.
  - Samle dommarar på blodspor og fersksporprøve til repetisjon og samkøyring av døminga slik at den vert mest mogleg lik og rettferdig. Dette bør arrangerast før sporprøvesesongen startar. På same tid må ein få ei oversikt over kven som er aktuelle som dommarar, og aktivt vil vere med vidare.
  - Få oversikt over aktive ettersøksekvipasjar og instruktørar. 150 er i dag registrert , og her må vi få ei oversikt over kven som aktivt vil vere med framover.
  - Vere med på ein del av dei terminfesta sporprøvene som skal arrangerast i løpet av sesongen.
  - Arrangere eit kurs for nye ettersøksjegerar
  - Arrangere eit kurs for nye dommarar
- Kursa trur eg må haldast til hausten.

Med helsing  
Lidvin Hage  
- Komande fylkesinstruktør ettersøk –

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR AVERSJONSDRESSUR

Fylkesinstruktør elektrisk dressurhalsband har ikkje levert årsmelding

Med helsing  
Bjørn Monsen  
-Fylkesinstruktør Aversjonsdressur-

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR JEGERPRØVE

Jegerprøveinstruktøren deltok på den årlege samlinga for fylkesinstruktørar i Stjørdal 2.-4. des.

På denne samlinga er ein av postane alltid tilbakemelding frå Studieforbundet Natur og Miljø. Så langt er det ikkje avdekkja jegerprøvekurs i Sogn og Fjordane som bryt med regelverket. Dette er eit synleg prov på at instruktørane i fylket gjere ein svært god jobb. Det er heller ikkje registrert kommersielle aktørar i jegerprøveavviklinga i fylket.

Det er nok fleire grunnar til dette. Eg vil understreke verdien av at lokale instruktørar samarbeider om kursa og fordeler øktene mellom seg .

Det var eit tilfelle der rapporteringsskjemaet til Studieforbundet NM ikkje var rett utfylt. Eg ber om at alle lokallaga sjekkar dette før rapporten vert send:

1. Ferdigmeldingane skal vise at jegerprøvekurset varte i 30 timer, verken meir eller mindre.
2. Hugs å skriv på klokkeslett for start og slutt under kvar dato. Det er ikkje nok å berre skrive timetal i sjølve dato-rubrikka.

Ved årsskiftet var det 79 godkjende instruktørar i Sogn og Fjordane.

Målet mitt har vore å bygge opp ei gruppe på minst 3 instruktørar i kvart lokallag for at dei skal kunne dele instruktørroppgåvene mellom seg. Dette opplegget fungerer der ein praktiserer det. Den nye jegerutdanninga på 30 t. set større krav til instruktørane både fagleg, pedagogisk og med omsyn til personleg tidsforbruk. Dei lokallag som har få instruktørar, kan oppleve at instruktørane grå trøytte. Tiltaket mot dette er å finne dyktige kandidatar for opplæring i 2007. Eg har fått melding frå 2 som vil verte nye instruktørar.

DN har bestemt at oppdatering av eksisterande instruktørar først skal skje i 2007.

Grunnen til dette er at det no vert laga nytt undervisningsmateriell til jegerprøva. For at dette materiellet skal kunne verte brukt i 2007, må materiellet vere klart før oppdatering av instruktørane.

Det nye materiellet vil verte basert på meir bruk av pc og tilhøyrande verkty.

Avslutningsvis vil eg takke dei lokale instruktørane for godt arbeid. Det er slik vi vil ha det.

### Arbeidsprogram for Fylkesinstruktøren i jegerprøva 2006.

\*\*\*\*\*

På grunn av arbeidet med nytt materiell til jegerprøva, vert det ikkje arrangert kurs for nye instruktørar i 2006 etter gammal mal.

Fylkesinstruktøren vil delta på dei sentrale samlingane som må til for å sikre god oppdatering i 2007.

Med helsing  
 Bjarne Huseklepp  
 - Fylkesinstruktør Jegerprøve-

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR HAGLE

Fylkeslaget har ikkje hatt fylkesinstruktør hagle dei siste åra, og det har vel av den grunn vert lite og ingen aktivitet på ei stund.

Eg takka ja til dette ”vervet” hausten 2005, men har ikkje dei nødvendige kursa for å være godkjent instruktør. Planen er å gjennomføre desse kursa (dommar og hagle instruktør) så tidlig så mulig på vårparten 2006.

Vi tar sikte på å få NJFF sin instruktør til Førde for å halde desse kursa. Det vil i den samanheng bli muligheter for tidligare utdanna instruktørar/dommarar, til å delta. Spesielt tidligare utdanna jegertrap dommarar oppfordrast til å delta på dette, då det føreligg eit oppdaterings kurs som alle må ha, for fortsatt å være godkjent dommar.

Vidare veit eg ikkje kor stort behovet er for kurs og liknande innanfor hagleskyting, men vil imøtekommne behovet så godt som mogleg.

Med helsing  
Olav Årskaug  
-Fylkesinstruktør hagle-

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESSEKRETÆR

2005 var Friluftslivets År og det synte godt igjen i dei lokale jakt- og fiskelaga i Sogn og Fjordane. Aldri før har eg opplevd at så mange aktivitetar og arrangement har funne stad i vår organisasjon. Her var arrangement heilt frå starten av året til det enda i ein markering av avslutninga på Brandsøyåsen nyttårsaftan 2005 / 2006. På planen stod der blant anna flugekastehelg, jaktleiarkurs, kurs i flugekasting, kurs i hagleskyting, temakveldar, fleire friluftshelgar, mange fiskekonkurransar, fjellturar, fisketurar, fiskecampar, opplæringsjakt, skyteaktivitetar og så vidare.

All honnør til laga som lagde så mange og så bra tilbod innan friluftsliv !

Fleire lag hadde mange aktivitetar i 2005 og eitt av desse var Leikanger jfl. Aktivitetslista deira var lang som få, og tiltaka synte att i lokalavisa Sogn Avis. Dette la NJFF særskilt merke til då dei sendte inn bidraga sine til mediekonkurransen og dei gjekk heilt til topps saman med Kongsvinger jfl! Ein kjempefrott prestasjon, når ein tenker på at det er nær 580 lokale jakt- og fiskelag i heile landet, og mange av dei er store. Det er også verdt å merke seg at Leikanger jfl har auka talet på barne- og ungdomsmedlemer frå 25 til 64 medlemer ! Her har også Fjaler jspfl merka seg ut ved å auke sitt medlemstal for dei yngre frå 3 til 17 medlemer. I det heile har det vore ein fin oppgang på barne- og ungdomsmedlemskapen. Elles har Sogn og Fjordane hatt ein nedgang totalt sett.

2005 var også eit jubileumsår for meg som fylkessekretær, eg har hatt denne organisasjonen som arbeidsplass i 10 år. Arbeidsoppgåvene har vore mange og ulike og eg har trivst veldig godt. Det kan eg takke dei tillitsvalde i fylkeslaget og i lokallaga for, det er veldig kjekt å jobbe når ein har god kontakt med dei tillitsvalde og ting går bra. Vonar på bra samarbeid vidare.

Godt samarbeid har eg også hatt med FNF-kontakt Astrid Eliassen som NJFF vart arbeidsgjevar for i 2005. Astrid jobbar for å betre vilkåra for alle organisasjonane i FNF, og har stor del av æra for at samarbeidet mellom organisasjonane er veksande og godt.

Eg vil også gje ei særskild takk til fylkesleiar Audun Sande for godt samarbeid, han har vore leiar i 6 av mine år som fylkessekretær og overlet no roret til ny. Audun har vore til vesentleg støtte i det daglege arbeidet og eg ynskjer han lukke til vidare.

2006 vil nok bli prega av Vestnorsk Villmarksmesse som skal av stabelen 28-30. april i Førdehuset. Dei som er med å arrangerer er Flora jff, Førde jfl og Naustdal jfl. Det ligg veldig mykje arbeid bak ei slik villmarksmesse og det vert ei hektisk tid framover. Det står mykje informasjon om villmarksmessa på våre heimesider. For barn og ungdom kan vi freiste med Noregs største villmarksleir ! Ta med deg familien og ta turen til Førde !!

Hugs vårt slagord:

Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid !

Med helsing  
Reidun Solberg Seim  
-Fylkessekretær-

## **Kontorutstyr som NJFF – Sogn og Fjordane eig pr. 31.12.05**

|                   |                               |      |          |
|-------------------|-------------------------------|------|----------|
| 1 datamaskin (pc) | Telemark                      | 2002 | (Reidun) |
| 1 datamaskin (pc) | Telemark Intel inside celeron | 1998 | (Audun)  |
| 1 telefaks        | Brother fax -470              | 1995 | (Audun)  |
| 1 telefaks        | Lanier 4100                   | 1997 | (Reidun) |
| 1 kopimaskin      | Lanier 6112 copier            | 1990 | (Torger) |
| 1 kopimaskin      | Nashuatec D420                | 1997 | (Reidun) |
| 1 skrivar         | HP deskjet 500                | 1986 | (Audun)  |
| 1 skrivar         | HP laserjet 1100              | 1998 | (Reidun) |
| 1 skrivar/skanner | HP Office Jet 1170 c          | 1999 | (Reidun) |
| 1 ISDN telefon    | DORO bisy                     | 1999 | (Reidun) |
| 1 Mobiltelefon    | Ericson                       | 1999 | (Reidun) |

Elektrisk Dressurhalsband

Målegevær

2 hagler

2 rifler

Lavvo

### Utstyr i tilhenger:

Skaphengar, 2000

10 sett flugestenger, 2000

10 sett flugebindarutstyr, 2000

10 teleskopstenger utan snelle, 2000, 10 iskfiskesett + isbor m.m. 2005

7 ferskvasstenger

Mink - og mårfeller

30 flytevestar

2 slagfeller til rev

Ymse

Fylkeslaget eig også 1/3 i ”skiljeveggane” som vart laga til Villmarksmessa i Stryn 1997 + dei i Førde.

# Resultatregnskap 2005

NJFF Sogn og Fjordane

## Realisert 2005

| Inntekter |      |                                   |               |
|-----------|------|-----------------------------------|---------------|
| 3200      | 3021 | Salg-/Reklame (Transporthenger)   | Kr. 800,00    |
| 3220      | 3010 | Salg-/Effekter                    | Kr. 10 735,00 |
| 3240      |      | Salg-/Kursmateriell               | Kr. 0,00      |
| 3290      |      | Salg-/Andre Inntekter             | Kr. 0,00      |
| 3301      | 3201 | NJFF-/Variabel Refusjon           | Kr. 47 921,90 |
| 3302      | 3204 | NJFF-/Kont. Fast Grunnbeløp       | Kr. 23 740,00 |
| 3303      | 3204 | NJFF-/Kont. Kom. Andel            | Kr. 23 760,00 |
| 3304      | 3206 | NJFF-/Kont. Landsmøtet            | Kr. 9 208,50  |
| 3305      | 3207 | NJFF-/Kont. Lokale Arr.           | Kr. 6 169,84  |
| 3306      | 3208 | NJFF-/Kont. Ungd.Satsing          | Kr. 18 860,08 |
| 3307      | 3209 | NJFF-/Kont. Medl.Avis             | Kr. 15 332,08 |
| 3308      | 3210 | NJFF-/Kont. Kontordrift           | Kr. 46 042,50 |
| 3309      |      | NJFF-/Refusjon Porto/Adm.Utgifter | Kr. 600,00    |
| 3310      |      | NJFF-/Refusjon Fiske/Villm.Camp   | Kr. 0,00      |
| 3311      |      | NJFF-/Refusjon Merverdiavgift     | Kr. 8 127,00  |
| 3390      | 3200 | NJFF-/Tilskudd/Andre Bidrag       | Kr. 2 205,00  |
| 3400      |      | Adm.-/Inntekter                   | Kr. 2 000,00  |
| 3410      | 3205 | Tilskudd-/Fylkessekretær          | Kr. 15 000,00 |
| 3440      | 3240 | Arrangement-/Studietiltak         | Kr. 0,00      |
| 3450      | 3300 | Tilskudd-/Merkeprosjekt           | Kr. 0,00      |
| 3470      | 3371 | Arrangement-/Filuftsleirer        | Kr. 36 000,00 |
| 3472      | 3373 | Kurs-/Jaktleder                   | Kr. 0,00      |
| 3473      | 3374 | Kurs-/Jervejakt                   | Kr. 0,00      |
| 3474      | 3375 | Tilskudd-/Driftsplannerbeid       | Kr. 0,00      |
| 3475      | 3376 | Tilskudd-/Ettersøksråd            | Kr. 0,00      |
| 3476      | 3377 | Tilskudd-/Medlemsavis             | Kr. 5 000,00  |
| 3477      | 3378 | Kurs-/Fellefangst                 | Kr. 0,00      |
| 3479      |      | Kurs-/Jegerprøven/Instruktør      | Kr. 0,00      |
| 3480      |      | Arrangement-/Jakt og Fiskeseminar | Kr. 40 000,00 |
| 3481      |      | Arrangement-/Leiarkonferanse      | Kr. 0,00      |
| 3482      |      | Arrangement-/Ettersøk/Sporhund    | Kr. 0,00      |
| 3483      |      | Tilskudd-/Fiskekultivering        | Kr. 0,00      |
| 3484      |      | Kurs-/Partering                   | Kr. 0,00      |
| 3485      |      | Kurs-/Hagle/Dommer/Instruktør     | Kr. 0,00      |
| 3486      |      | Tilskudd-/Kvinnekontakt           | Kr. 4 000,00  |
| 3487      |      | Tilskudd-/Kartl.prosjektet        | Kr. 19 900,00 |
| 3488      |      | Tilskudd-/Daglig Leder FNF        | Kr. 0,00      |
| 3490      | 3570 | Tilskudd-/Andre Inntekter         | Kr. 32 636,00 |
| 3500      | 3800 | Kurs-/Avgift                      | Kr. 0,00      |
| 3510      | 3610 | Arrangement-/Villmarksmesse       | Kr. 500,00    |
| 3520      | 3901 | Arrangement-/Lotteri              | Kr. 0,00      |
| 3540      |      | Arrangement-/Avgift               | Kr. 45 450,00 |
| 3590      | 3960 | Arrangement-/Andre Inntekter      | Kr. 0,00      |
| 3990      | 3990 | Drift-/Andre Inntekter            | Kr. 0,00      |
| 8030      | 8010 | Rente-/Inntekter                  | Kr. 907,00    |
| 8070      | 8090 | Finans-/Andre Inntekter           | Kr. 0,00      |
| 8400      |      | Ekstraordinære-/Inntekter         | Kr. 5 110,00  |

## Budsjett 2005

| Inntekter     |  |  |                |
|---------------|--|--|----------------|
| Kr. 0,00      |  |  | Kr. 800,00     |
| Kr. 10 000,00 |  |  | Kr. 735,00     |
| Kr. 0,00      |  |  | Kr. 0,00       |
| Kr. 1 000,00  |  |  | Kr. -1 000,00  |
| Kr. 50 000,00 |  |  | Kr. -2 078,10  |
| Kr. 23 500,00 |  |  | Kr. 240,00     |
| Kr. 23 500,00 |  |  | Kr. 260,00     |
| Kr. 10 000,00 |  |  | Kr. -791,50    |
| Kr. 6 500,00  |  |  | Kr. -330,16    |
| Kr. 10 000,00 |  |  | Kr. 8 860,08   |
| Kr. 16 000,00 |  |  | Kr. -667,92    |
| Kr. 47 000,00 |  |  | Kr. -957,50    |
| Kr. 0,00      |  |  | Kr. 600,00     |
| Kr. 0,00      |  |  | Kr. 0,00       |
| Kr. 12 000,00 |  |  | Kr. -3 873,00  |
| Kr. 5 000,00  |  |  | Kr. -2 795,00  |
| Kr. 0,00      |  |  | Kr. 2 000,00   |
| Kr. 0,00      |  |  | Kr. 15 000,00  |
| Kr. 2 000,00  |  |  | Kr. -2 000,00  |
| Kr. 0,00      |  |  | Kr. 0,00       |
| Kr. 15 000,00 |  |  | Kr. 21 000,00  |
| Kr. 0,00      |  |  | Kr. 0,00       |
| Kr. 0,00      |  |  | Kr. 0,00       |
| Kr. 0,00      |  |  | Kr. 0,00       |
| Kr. 0,00      |  |  | Kr. 0,00       |
| Kr. 15 000,00 |  |  | Kr. -10 000,00 |
| Kr. 0,00      |  |  | Kr. 0,00       |
| Kr. 0,00      |  |  | Kr. 0,00       |
| Kr. 40 000,00 |  |  | Kr. 0,00       |
| Kr. 0,00      |  |  | Kr. 0,00       |
| Kr. 0,00      |  |  | Kr. 0,00       |
| Kr. 10 000,00 |  |  | Kr. -6 000,00  |
| Kr. 0,00      |  |  | Kr. 19 900,00  |
| Kr. 0,00      |  |  | Kr. 0,00       |
| Kr. 15 000,00 |  |  | Kr. 17 636,00  |
| Kr. 0,00      |  |  | Kr. 0,00       |
| Kr. 0,00      |  |  | Kr. 500,00     |
| Kr. 0,00      |  |  | Kr. 0,00       |
| Kr. 30 000,00 |  |  | Kr. 15 450,00  |
| Kr. 1 000,00  |  |  | Kr. -1 000,00  |
| Kr. 1 000,00  |  |  | Kr. -1 000,00  |
| Kr. 1 000,00  |  |  | Kr. -93,00     |
| Kr. 0,00      |  |  | Kr. 0,00       |
| Kr. 3 000,00  |  |  | Kr. 2 110,00   |

## Utgifter

| Utgifter |      |   |               |
|----------|------|---|---------------|
| 4300     | 4650 | Varer-/Innkjøp Effekter                     | Kr. 13 160,36 |
| 4310     | 4600 | Kurs-/Materiell Interne                     | Kr. 0,00      |
| 4320     | 6400 | Kurs-/Materiell Eksterne                    | Kr. 0,00      |
| 4330     |      | Varer-/Materiell/Utstyr                     | Kr. 12 955,94 |
| 4360     |      | Frakt-/Kostnader                            | Kr. 0,00      |
| 4390     | 4730 | Varer-/Andre Kostnader                      | Kr. 0,00      |
| 4500     | 6100 | Fremmedytelsel/-Konsulentarb.               | Kr. 0,00      |
| 5210     |      | Godtgjørelse-/Telefon                       | Kr. 5 000,00  |
| 5250     |      | Godtgjørelse-/Tapt Arb.fortj.               | Kr. 1 000,00  |
| 5340     |      | Lønn-/Kartl.prosjektet                      | Kr. 0,00      |
| 5350     |      | Lønn-/Leiar FNF                             | Kr. 0,00      |
| 5900     |      | Gaver-/Tillitsvalgte/Andre                  | Kr. 7 762,00  |
| 6300     | 4600 | Kurs-/Drift og Adm. Interne                 | Kr. 9 999,00  |
| 6310     | 6400 | Kurs-/Drift og Adm. Eksterne                | Kr. 2 126,69  |
| 6440     |      | Leie-/Transportmidler                       | Kr. 1 019,00  |
| 6470     | 6215 | Leie-/Kontor Fylkessekretær                 | Kr. 24 000,00 |
| 6590     | 4990 | Drift-/Andre Kostnader                      | Kr. 0,00      |
| 6600     | 6899 | Arrangement-/Villmarksmessen                | Kr. 33 448,00 |
| 6610     |      | Arrangement-/Lokale/Profil.                 | Kr. 0,00      |
| 6620     | 7002 | Årsrapporten NJFF fra Sogn og Fjordane 2005 | Kr. 17 703,95 |

## Utgifter

| Utgifter |               |                |  |
|----------|---------------|----------------|--|
|          | Kr. 10 000,00 | Kr. -3 160,36  |  |
|          | Kr. 10 000,00 | Kr. 10 000,00  |  |
|          | Kr. 0,00      | Kr. 0,00       |  |
|          | Kr. 13 500,00 | Kr. 544,06     |  |
|          | Kr. 500,00    | Kr. 500,00     |  |
|          | Kr. 500,00    | Kr. 500,00     |  |
|          | Kr. 0,00      | Kr. 0,00       |  |
|          | Kr. 7 600,00  | Kr. 2 600,00   |  |
|          | Kr. 2 000,00  | Kr. 1 000,00   |  |
|          | Kr. 0,00      | Kr. 0,00       |  |
|          | Kr. 0,00      | Kr. 0,00       |  |
|          | Kr. 3 000,00  | Kr. -4 762,00  |  |
|          | Kr. 0,00      | Kr. -9 999,00  |  |
|          | Kr. 0,00      | Kr. -2 126,69  |  |
|          | Kr. 2 000,00  | Kr. 981,00     |  |
|          | Kr. 24 000,00 | Kr. 0,00       |  |
|          | Kr. 2 000,00  | Kr. 2 000,00   |  |
|          | Kr. 5 000,00  | Kr. -28 448,00 |  |
|          | Kr. 1 000,00  | Kr. 1 000,00   |  |
|          | Kr. 30 000,00 | Kr. 12 296,05  |  |

|                                     |      |                                |                  |                      |                  |                     |
|-------------------------------------|------|--------------------------------|------------------|----------------------|------------------|---------------------|
| 6630                                | 6600 | Arrangement-/Premier/Gevinster | Kr. 20 266,50    |                      | Kr. 25 000,00    | Kr. 4 733,50        |
| 6640                                |      | Arrangement-/Lotteri Kostnader | Kr. 0,00         |                      | Kr. 0,00         | Kr. 0,00            |
| 6650                                |      | Arrangement-/Sporhund          | Kr. 0,00         |                      | Kr. 300,00       | Kr. 300,00          |
| 6690                                | 6600 | Arrangement-/Andre Kostnader   | Kr. 4 820,00     |                      | Kr. 2 500,00     | Kr. -2 320,00       |
| 6710                                |      | Drift-/Merkeprosjekt           | Kr. 0,00         |                      | Kr. 0,00         | Kr. 0,00            |
| 6810                                |      | Data-/Maskiner/Utstyr          | Kr. 4 900,00     |                      | Kr. 0,00         | Kr. -4 900,00       |
| 6811                                |      | Data-/Vedlikehold              | Kr. 0,00         |                      | Kr. 1 500,00     | Kr. 1 500,00        |
| 6812                                |      | Data-/Programvare              | Kr. 312,50       |                      | Kr. 1 000,00     | Kr. 687,50          |
| 6820                                | 6220 | Adm.-/Kontormatr./Inventar     | Kr. 2 522,23     |                      | Kr. 6 500,00     | Kr. 3 977,77        |
| 6830                                | 6715 | Adm.-/Vedlikehold              | Kr. 0,00         |                      | Kr. 0,00         | Kr. 0,00            |
| 6840                                | 6860 | Adm.-/Aviser/Tidsskrifter      | Kr. 3 279,00     |                      | Kr. 3 000,00     | Kr. -279,00         |
| 6850                                | 6820 | Adm.-/Faglitteratur/Bøker      | Kr. 0,00         |                      | Kr. 1 000,00     | Kr. 1 000,00        |
| 6860                                | 6700 | Adm.-/Kontorrekvisita          | Kr. 7 990,51     |                      | Kr. 2 500,00     | Kr. -5 490,51       |
| 6870                                | 6750 | Adm.-/Kopiering                | Kr. 0,00         |                      | Kr. 500,00       | Kr. 500,00          |
| 6880                                | 6830 | Adm.-/Trykkeritjenester        | Kr. 4 800,00     |                      | Kr. 12 000,00    | Kr. 7 200,00        |
| 6890                                |      | Adm.-/Andre Kostnader          | Kr. 0,00         |                      | Kr. 500,00       | Kr. 500,00          |
| 6900                                | 6850 | Tele-/Internett/Telefon/Faks   | Kr. 17 635,06    |                      | Kr. 18 000,00    | Kr. 364,94          |
| 6910                                | 6950 | Gebyr-/Bank etc.               | Kr. 1 359,15     |                      | Kr. 1 500,00     | Kr. 140,85          |
| 6940                                | 6800 | Porto-/Post/Brev etc.          | Kr. 14 034,40    |                      | Kr. 40 000,00    | Kr. 25 965,60       |
| 7010                                | 8500 | Drift-/Transporthenger         | Kr. 0,00         |                      | Kr. 0,00         | Kr. 0,00            |
| 7020                                |      | Drift-/Kjøretøy/Vedlikehold    | Kr. 0,00         |                      | Kr. 0,00         | Kr. 0,00            |
| 7100                                | 6006 | Opphold-/Servering Eksterne    | Kr. 12 770,00    |                      | Kr. 2 500,00     | Kr. -10 270,00      |
| 7110                                | 5900 | Opphold-/Servering Interne     | Kr. 15 652,00    |                      | Kr. 25 000,00    | Kr. 9 348,00        |
| 7120                                | 5950 | Reise-/Klippekort Bomavgift    | Kr. 0,00         |                      | Kr. 2 500,00     | Kr. 2 500,00        |
| 7125                                | 5950 | Reise-/Klippekort Ferjer       | Kr. 0,00         |                      | Kr. 0,00         | Kr. 0,00            |
| 7130                                | 5800 | Reise-/Kjøregodtgjørelse       | Kr. 26 400,00    |                      | Kr. 37 000,00    | Kr. 10 600,00       |
| 7140                                | 5250 | Reise-/Representasjon          | Kr. 0,00         |                      | Kr. 0,00         | Kr. 0,00            |
| 7150                                | 6020 | Reise-/Arrangement             | Kr. 5 009,00     |                      | Kr. 0,00         | Kr. -5 009,00       |
| 7310                                | 6725 | Annonse-/Annonse Kostnader     | Kr. 14 043,25    |                      | Kr. 20 000,00    | Kr. 5 956,75        |
| 7500                                | 6520 | Forsikring-/Forsikringspremier | Kr. 0,00         |                      | Kr. 1 500,00     | Kr. 1 500,00        |
| 7700                                | 6000 | Møter-/Styremøte/Servering     | Kr. 12 773,97    |                      | Kr. 17 500,00    | Kr. 4 726,03        |
| 7710                                |      | Møter-/Seminær                 | Kr. 26 496,00    |                      | Kr. 0,00         | Kr. -26 496,00      |
| 7720                                |      | Møter-/Ettersøksrådet          | Kr. 0,00         |                      | Kr. 0,00         | Kr. 0,00            |
| 7820                                |      | Arrangement-/Foreleser         | Kr. 0,00         |                      | Kr. 3 000,00     | Kr. 3 000,00        |
| 8130                                | 8110 | Rente-/Kostnader               | Kr. 0,00         |                      | Kr. 0,00         | Kr. 0,00            |
| 8170                                |      | Finans-/Andre Kostnader        | Kr. 0,00         |                      | Kr. 0,00         | Kr. 0,00            |
| 8500                                |      | Ekstraordinære-/Kostnader      | Kr. 15 000,00    |                      | Kr. 6 000,00     | Kr. -9 000,00       |
| <b>Sum Inntekter-/Utgifter</b>      |      |                                | Kr. 420 004,90   | Kr. 338 238,51       | Kr. 347 500,00   | Kr. 341 900,00      |
| <b>ÅRSRESULTAT Under-/Overskudd</b> |      |                                | Kr. <b>USANN</b> | Kr. <b>81 766,39</b> | Kr. <b>USANN</b> | Kr. <b>5 600,00</b> |
| <b>Balanse</b>                      |      |                                | Kr. 420 004,90   | Kr. 420 004,90       | Kr. 347 500,00   | Kr. 347 500,00      |

**Kortsiktig Gjeld/Midler Avsatt 2005**

|            |      |                                  |          |  |
|------------|------|----------------------------------|----------|--|
| 2810       | 2820 | Midler-/Avsatt Kultivering       | Kr. 0,00 |  |
| 2811       | 2825 | Midler-/Avsatt Kurs Jervejakt    | Kr. 0,00 |  |
| 2813       | 2875 | Midler-/Avsatt Kurs Partering    | Kr. 0,00 |  |
| 2831       | 2832 | Midler-/Avsatt Ettersøksrådet    | Kr. 0,00 |  |
| 2840       | 2840 | Midler-/Avsatt Landsmøtet        | Kr. 0,00 |  |
| 2841       | 2836 | Midler-/Avsatt Underv.prosjektet | Kr. 0,00 |  |
| <b>Sum</b> |      |                                  | Kr. 0,00 |  |

**Anleggsmidler pr. 31.12.2005**

|            |  |                              |          |  |
|------------|--|------------------------------|----------|--|
| 1320       |  | Lån Vestnorsk Villmarksmesse | Kr. 0,00 |  |
| <b>Sum</b> |  |                              | Kr. 0,00 |  |

**Saldo Reskontro pr. 31.12.2005**

|            |      |                     |                |     |
|------------|------|---------------------|----------------|-----|
| 1510       | 1210 | Fordringer-/Kunder  | Kr. 102 581,90 | +/- |
| 2410       | 2010 | Gjeld-/Leverandører | Kr. -51 606,49 |     |
| <b>Sum</b> |      |                     | Kr. 50 975,41  |     |

**Saldo Varelager pr. 31.12.2005**

|            |      |                                |               |  |
|------------|------|--------------------------------|---------------|--|
| 1460       | 1090 | Varer-/Varelager Effekter 2000 | Kr. 27 000,00 |  |
| 1460       | 1090 | Varer-/Varelager Effekter 2001 | Kr. 25 742,00 |  |
| 1460       | 1090 | Varer-/Varelager Effekter 2002 | Kr. 33 369,00 |  |
| 1460       | 1090 | Varer-/Varelager Effekter 2003 | Kr. 39 277,00 |  |
| 1460       | 1090 | Varer-/Varelager Effekter 2004 | Kr. 37 761,00 |  |
| 1460       | 1090 | Varer-/Varelager Effekter 2005 | Kr. 34 415,00 |  |
| <b>Sum</b> |      |                                | Kr. 34 415,00 |  |

**Saldo Bank/Kasse pr. 31.12.2005**

|            |      |                              |                |  |
|------------|------|------------------------------|----------------|--|
| 1900       |      | Kontanter-/Kasse             | Kr. 0,00       |  |
